



Munnlege tekstar
8.–10. trinn
Lærer: Torill Tørjesen
Holmlia skole, Oslo

MELLOM BAKKAR OG BERG

22

Nynorske viser og songar har tradisjonelt hatt ei sterk stilling i musikk- og norskfaget. Kven har ikkje ein gong i løpet av skuletida sunge Den fyrste song eg høyra fekk, Du skal ikkje sova bort sumarnatta, Mellom bakkar og berg (opphavleg kjend som Nordmanden) eller den populære Kveldssong for deg og meg?

På Holmlia skole har det vore eit tett samarbeid mellom musikk læraren og norsklæraren for å øva inn nynorske songar. På denne måten vert elevane kjende med norsk visetradisjon samstundes som dei opplever nynorsk som eit rikt og levande kulturspråk. Dessutan vert elevane gjennom songtekstane vane med særigne nynorske ord og vendingar.

Ein spennande vri er å kombinere eldre tekstar med ungdomen sine eigne musikkuttrykk. På slutten

av denne filmen får vi høyre resultatet av ein slik miks, ein rappversjon av Mellom bakkar og berg.

Spørsmål til diskusjon

Kva lærer elevane av å syngje nynorske viser og songar? På kva måte kan nynorske viser og songar vere ein del av nynorskundervisninga? Kva andre songtekstar kan eigne seg i ein slik samanheng? Korleis kan norsk- og musikk læraren samarbeide om nynorskopplæringa? Korleis kan elevane arbeide for å presentere sine eigne versjonar av songar som samansette tekstar med lyd, bilete og/eller film?

Ressursar

Songboka til tunkatten Lurivar på Aasantunet:
www.tunkatten.no

Nordstoga, Odd (red.) 2002:
Song for deg og meg, Oslo,
Det Norske Samlaget



Nordmannen

Tekst: Ivar Aasen
Frå *Symra*, 3. utg. 1875

Millom Bakkar og Berg ut med Havet
heve Nordmannen fenget sin Heim,
der han sjølv heve Tufferna gravet
og sett sjølv sine Hus uppaa deim.

Han saag ut paa dei steinutte Strender
det var ingen, som der hadde bygt.
«Lat oss rydja og byggja oss Grender,
og so eiga me Rudningen trygt».

Han saag ut paa det baarutte Havet;
der var ruskutt å leggja ut paa;
men der leikade Fisk ned i Kavet,
og den Leiken den vilde han sjaa.

Fram paa vetteren stundom han tenkte:
Giv eg var i eit varmare Land!
Men naar Vaarsol i Bakkarne blenkte,
fekk han hug til si heimlege Strand.

Og naar Liderna grønka som Hagar,
naar det laver av Blomar på Straa,
og naar Næter er Ijosa som Dagar,
kann han ingenstad vænare sjaa.

Rappen i filmen er ved
Baboucarr Chune og Bahman Moradi.

*Stor takk til Ivar Aasen-tunet for at vi
fekk bruke historiske bilete av Aasen
i denne filmen.*

23